

LOV OG EVANGELIUM

Oppbyggelig blad gitt ut av Norsk Luth. Lekmannsmisjon

Nr. 2

Februar 1972

8. årgang

Den uguadelige lider av angst alle sine dager

(Job. 15, 20)

Den uguadelige viser seg ofte glad og munter, som om han intet hadde å frykte i livet og intet å reddes for i døden. Ja, du sikre synder! Når man ser deg i dine syndige fornøyelser og i dine syndige selskaper, da kunne man fristes til å tro at det ingen angst fantes i din samvittighet. Men akk, du bever dog mang en gang, uten at noen annen enn du selv og Gud vet om det.

Du er ikke alltid i selskap. En og annen gang er du også i ensomhet, i ditt kammer, i den stille natt når du ligger i din seng, når du plutselig blir syk, eller du hører at en av dine deltagere i synden dør. Da bæver din samvittighet og gnager som ormer, og dødsdommen blir opplest i dit teget bryst. Og visst er det, at om noen har grunn til å frykte og beve, så er det visselig du, du ubotferdige synder. Frykt og bev, for du har en rettfer-

dig Gud i himmelen og en uren samvitgighet på jorden. Bev, for ditt navn står ikke skrevet i livets bok, og din sjel blir ikke båret til Abrahams skjød, når du dør i en slik tilstand. Bev, for loven forbanner deg, så lenge du ikke tror på Jesus Kristus. Bev for døden og for dommen, for fremfor Jesu domstol er den ulykkelig som ikke har forlikt seg med dommeren før han møter for retten. Ja, bev, synder, men ikke bare det, du må omvende deg til Gud og ydmyke deg under Guds veldige hånd, så han i sin tid kan opphøye deg.

O våkn opp! Det er Jesu stemme. Her opp av søvne, ut på vakt!

Når sjelen er i evig klemme, da er det altfor sent deg sagt.

Nu kan vi søke sjelens gagn — så våkner du i Jesu navn!

Lars Linderot.

Evangelium for uguadelige

Et nådens evangelium.

Når noen taler om evangeliet for de uguadelige, tar man det som en farlig nyhet. Man har så lett for å tenke: De troende, de gudfryktige, de alvorlig kristne — dem kan Gud elske, men ikke meg uguadlige, lettsindige,

ustadige og ulydige, som virkelig synder mot Gud, jeg vet bedre, og likevel synder, jeg som ikke en gang kan angre synden. Skulle Gud kunne elske slike? Nei, det er umulig.

Men Gud taler ennå et nådens evangelium til alle fortapte. «Så sant jeg lever, sier Her-

ren, har jeg ikke behag i den ugodeliges død, men at han omvender seg og lever». «Tal kjærlig til Jerusalem», sier Gud, det Jerusalem som var det mest besudlede sted i verden, som drepte profetene og stenet dem som var sendt til dem.

Og apostelen sier : «Den som har gjerninger, ham tilregnes ikke lønnen av nåde, men som skyldighet; den derimot som ikke har gjerninger, men tror på ham som rettferdigjør den ugodlige, ham regnes hans tro til rettferdighet.» (Rom. 4, 4—5).

Denne underlige nyhet har sin grunn i dette : Da vi mennesker var falt, forapt og fordomt, forbarmet Gud seg over oss, fornedret seg selv for vår skyld så dypt at han ble menneske likså virkelig som han var Gud. Grunnen var at hans evige faderkjærlighet til oss ikke kunne forandres ved vårt fall, men brente like mektig i ham som før. Han kunne ikke la oss være foraptet da vi ved Satans list var røvet fra ham, men måtte ta opp kampen med Satan for å føre oss tilbake. Og da tiden var inne ,sendte han sin Sønn, som kom for å gi sitt liv til en løsepengen for oss.

Han ble for nitten hundre år siden hengt på et kors og led der døden istedenfor alle ugodlige mennesker. Du har hørt og vet at det var i deres navn han smakte døden. Først ble han tornekronet, slått i ansiktet og hudstrøket. Hans hender ble gjennomboret. Fottene han ble det slått spikrer gjennom, i siden ble det stukket et spyd. Og så utgjød han sitt blod for oss arme mennesker. Hvor finnes vel på jorden større kjærlighet !

Ved denne frelser som led døden på korset, er det nå vunne tråde og salighet for alle ugodlige mennesker — for dem som har levd, for dem som lever i dag, og for dem som helt til dommedag kommer til å leve på jorden. Satan er fratatt retten til alle synder. Himmelen er igjen åpen. Alt har nå Gud forsonet med seg selv på grunn av blodet på korset. At den hellige treenighet igjen kan bo på jorden, er en følge av denne forsoning,

som overgår all kunnskap.

Den som tror på ham, er salig og behøver aldri mere være bedrøvet eller tvile på grunn av sine synder, selv om de var flere enn havet. Men den som ikke tror, er alt dømt. Den som søker saligheten på annen måte, er kommet inn i villfarelsen. Om noen kan si at samvittigheten ikke anklager ham, og han derfor er nærmere himmelen enn røveren, skjøgen, tolleren, er det bare et tegn på selvbedrag. At vi selv er hellige, er dikt ! Jesu offer og bare det gjør oss salige.

Jesus døde for syndere.

Hvem er det Kristus gir salighet og rett til evig liv bare ved at de tror? Paulus sier : *Det er de ugodlige* (Rom. 4, 5)

Vi har lett for å tenke : Når Gud kunne gjøre det han gjorde med sin egen Sønn, må han ha funnet noe hos menneskene som kunne bevirke det. Men Bibelen svarer : Vi ble forlikt, mens vi ennå var fiender (Rom. 5, 10). Vår frelse er ikke en frukt av vår gode vilje men av *Guds barmhjertighet*.

Dette evangelium viser seg som en Guds kraft som fører oss til troen. Ordet om det Guds lam som er slaktet for oss på korset, er ikke noe tørt og kraftløst, som enkelte tror. Den tro som gjør oss salige, kommer av ordet om vår Frelsers sår og blod, når det males for våre øyne. Det er ikke noen annen vei til troen.

Det er ikke lett å beskrive hvordan det går til. Det er lettere å erfare det enn å beskrive det. Men vi vil forklare det så godt vi kan :

Et dødt menneske hører Guds Sønns røst (Johs. 5, 25), og når han får se seg selv i Guds lys, ser han sin virkelige stilling, sin elendighet, sin fordervelse. Og selv om han som Paulus før omvendelsen kan si at han har vandret ustraffelgi etter loven, sier han nå : Jeg er den største av alle syndere. Hvor skal jeg fly ?

Gleden i synden blir stundom borte, selv

Bladet Lov og Evangelium

Utgjevarpoststad : 5400 Stord

Red. Amund Lid, tlf. 75. Norheimsund
 Eksp.: M. Skumsnes, Horneland, Stord
 Postgiro : 42887, Stord

Bladet blir sendt gratis til alle som sender eksp. namn og adr. Blir halde opp med frivillige gaver

Norsk Luthersk Lekmannsmisjon :

Formann : Olav A. Dahl,
 boks 95, 5401 Stord. Tlf. 69

Kass. Sverre Bohn, Norheimsund
 postgiro nr. 68213

Bankgiro : Vikøy Sparebank,
 Norheimsund 3530.07.09492

S. Botnens Boktrykkeri, 5401 Stord

om det er av skrekk. Man kjenner sin nød, men føler ikke noe av kraften av Jesu død. Man vet nå at man ikke tror på ham, og føler seg domt og fordømt (Johs. 13, 18). Det er dette Bibelen kaller bedrøvelse etter Gud, sorg etter Guds sinn.

Den som nå ikke tenker på å gjøre noe for å bli frelst, som ikke lover det han ikke kan holde, ikke gjør seg betre enn han er, men akkurat som han er, går til synderes venn og kaster seg ned for den barmhjertiges føtter, han får troen på han som kan frelse ugudlige. Da får han høre : Dine synde er deg forlatt ! Den Hellige Ånd preker forsoningens ord for et slikt stakkars hjerte som ser seg helt fortapt, griper det liksom ved hånden og viser det i evangeliet Guds lam, hvordan det har blodd seg til døde på korset for vår skyld. Ånden forsikrer disse mennesker : Kristus er død for deg !

Således fører Ånden ved ordet et menneske til troen. Og er hjertet hardt som sten, smelter det som voks så snart det hører og tror at Guds Sønn har hengt på korset for oss

ame syndere. Den som ikke kommer til troen ved dette veldige under, vil motgang, lidelse og frykt for helvete ikke kunne uttrette noe ved.

En synder som føres til troen, «holder seg ikke til gjerninger». For det står skrevet : «Den som ikke har gjerninger, men tror på ham som rettferdiggjør den ugodlige, ham regnes hans tro til rettferdighet» (Rom. 4, 5) Tvert imot står det at så mange som holder seg til lovgjerninger, er under forbannelse (Gal. 3, 10).

Således er alle utvortes fromme mennesker — selv om de har mange gode gjerninger å rose seg av — likevel forbannet som de andre. Ja, tollere og skjøger har kortere vei til himmelen enn de (Matt. 21, 31). Det er derfor helt galt når et menneske tror at han må gjøre det og det for å gjøre Gud nådig, så han kan forlate ham synden. Dette er gjerningshellighet, en fornektelelse av Jesu offer.

Men så snart sjelen har lært sin fordervelse å kjenne, fått høre at Jesus kom til verden for å frelse syndere, og så ikke betenker seg lenger, men kaster seg ned for Jesu føtter og tigger om nåde og tro — da får han troen.

Evangeliet gir syndere fred

Når troen oppstår i et hjerte, er det ikke spørsmål om en er from, men om en er en synder som trenger barmhjertighet. Den som ikke vet noen annen utvei enn å fly til Jesu kors, får snart efare hva det er å tro på Jesu sår som har vunnet en evig forløsning. Ordet om at han gjør den ugodlige rettferdig, blir da klart, og man takker Gud for at det ikke kommer an på hva vi kan prestere, men på Guds kjærlighet. Nå får man se og smile mer enn man i hele livet kan snakke om.

Dette evangeliet gjør alle dem salige som tror på det, for deres tro regnes dem til rettferdighet. Nå gråter sjelen av glede. Som synderinnen væter den hans føtter me tårer. Hjertet er kommet i brann og blir opptent av hans hellige ild. Frelseren er alt for et slikt

nådens barn. Det hviler ikke noe steds slik som ved hans føtter og roser seg ene og alene av hans blod.

Dette er å være salig. Dette er å nyte en glede som ingen kan ta fra oss. En vet at Frelseren lever, en vet på hvem en tror. Dette erfares av millioner av mennesker. Noen av dem står nå for tronen og hilser de sår som er minnesmerket om hans store kjærlighet.

Jesu nåde gjør oss rettferdige. Hans fortjeneste er porten for oss til himmelen. Vi trenger ikke noe mer til salighet. Jesus tar

imot syndere.

Kjære venner! Nå kommer det an på om dere tror dette. Men er det noen som må si at de ikke trenger frelseren ennå, men lever i syndens treldom og er redd for den siste stund — for en kan jo ikke vite når den kommer — da skal han lese flittig ievangeliet for de ugudlige. Da skal han finne fred, og når den stunden kommer, skal han gå hjem til Gud me dfred i sitt hjerte. Amen.

Rosenius fra «Veiledning til fred».

Hva er kristendom

Av Øyvind Andersen

Vi har talt om gudsbegrepet, og var ved slutten av forrige leksjon begynt å snakke om skapelsen. Nå skal vi fortsette der hvor vi sluttet sist.

Da vil jeg ta utgangspunkt i Hebr.brevet 11, 3 hvor det står: Ved tro skjønner vi at verden er kommet i stand ved Guds ord, så at det som sees ikke ble til av det synlige. Merk deg de ordene ved *tro* skjønner vi. Det kunne stå som en overskrift over alt på det åndelige område. Men her er det altså brukt som du hører, om det å skjonne at verden er kommet i stand ved Guds ord.

Bibelen gir ikke naturvitenskap, den er ikke uttrykk for naturforskning. (Det er det man pleier å kalte den religiøse siden ved saken som Bibelen legger frem). Det vil si at de skal forstå at der er en personlig Gud som har skapt alle ting, og det skjønner vi ved *tro*. Ved tillit til det som står skrevet. Og det går frem at det som sees, det er ikke blitt til av det synlige.

Det er i virkeligheten ikke noen motsetning mellom naturvitenskap og Bibelen, hvis man

holder seg til det man skal holde seg til da. Men naturvitenskapen opphoyer ofte det de er kommet frem til til en livsanskuelse, de gjør en religion ut av sin forskning. Og de mener da at alt som sees er blitt til ut av en urselle. Det er ikke rom for en personlig Gud. Her er det at Guds ord kommer og sier meget klart at det som sees, det er ikke blitt til av det synlige. Det ser ut som om Bibelen - eller Gud - har tenkt på det syn som er moderne i dag, at man skal hevde at alle ting kommer fra det som er synlig, og skal tilbakeføre alt til en prosess, helt upersonlig, en naturprosess.

Nei, sier Bibelen, her er en levende Gud som har skapt alle ting. Det kan ikke menneskene skjonne uten ved å tro på ham. Og dette er det da Bibelen begynner med å fremstille i de to første kapitler i første Mosebok, det som er skapelsesberetningen.

I begynnelsen skapte Gud himmelen og jorden, står det. Og jorden var øde og tom. Det står med betoning. Av dette går det klart frem: Gud har et jordisk skaperverk, og han har et himmelsk skaperverk. Men det som

skal fortelles om i skapelsesberetningen, det er den jordiske side ved skaperverket. Den himmelske side, den blir ikke fremstilt i skapelsesberetningen. Det blir bare konstateret at Gud også har skapt himmelen. Med himmelen tenkes da på engler, og alt det som vi mennesker ikke ser, og da heller ikke forstår, uten gjennem de glimt vi får her og der i Bibelen. Det eksisterer et slikt himmelsk skaperverk. Men ved sin måte å fremstille det på, har skapelsesberetningen allerede i sin begynnelse gjort oppmerksom på at det er den jordiske side ved skaperverket det her er tale om. Dette er ganske viktig! Vi vet fra Bibelen at der finnes en hel himmelsk verden, det vet vi, men vi får like klart vite at skapelsen av denne er der ikke fortalt om. Du skjønner at Bibelen forteller ikke alt som kan fortelles. Det er ikke for naturvitenskapens skyld, eller for historiens skyld, eller for å få med alt som er skjedd, Bibelen forteller.

Nei, den forteller det vi trenger å vite for å skjonne at verden er kommet i stand ved Guds ord. Og utover det blir der ikke sagt noen ting.

Det er som sagt den jordiske side ved skaperverket som skapelsesberetningen fremstiller. Til denne jordiske side hører da hele universet, altså himmelen som vi sier i daglig tale, med sol, måne og stjerner, og hele dette store universet som ingen grenser har i virkeligheten. Det hører med til den jordiske side ved skaperverket, og det er antydet hvordan det er blitt til i skapelsesberetningen. Denne skapelsesberetning går da til og med kap. 2. Og da skal du merke deg at der er ikke, som det ofte blir sagt, to skapelsesberetninger. Man påstår at der er en skapelsesberetning i kap. I som går frem til 2, 4 og så kommer der en ny skapelsesberetning fra 2,55 og ut kap. 2. Og disse skapelsesberetningene er ikke bare forskjellige, men man sier endog at de står i strid med hverandre. Nei, det er der ikke tale om. Når du leser

fra 2, 4 og utover, så hører du det at det er ikke begynt å vokse på jorden ennå. Gud har ikke latt det regne på jorden, ingen ting er ennå spiret frem. Og så hører vi at Gud lar det regne på jorden, og at det begynner å spire frem. Men da forstår du at det forutsetter at det er skapt. Det er ikke en skapelsesberetning i og for seg, men det er et nærbilde av noe av det som er omtalt i sin alminnelighet i kap. 1. Og dette nærbilde er det vi får i kap. 2. Og alt som sies der har med menneskets skapelse å gjøre, og står der forat vi skal forstå hvem og hva mennesket egentlig er.

Selv skapelsesberetningen får vi da i kap. 1, og så suppleres den av dette nærbilde i kap. 2, og tilsammen utgjør da disse to kapitlene en enhet. En skapelsesberetning. Kap. 1 fremstiller da alt skapt av Gud. Det første han skaper er lyset, og så kommer det i tur og orden. Det er seks skapelsesdager som er omtalt der. Man har spurt: Hva betyr disse dagene? Er det å forstå slik at Gud har skapt alt på seks døgn? For å kunne svare på det, må vi se hvordan ordet dag brukes i sin alminnelighet i Det gamle Testamente (og for den saks skyld også i det nye.) Og vi oppdager snart at ordet dag er et vanligt uttrykk for et tidsavsnitt, for en periode. Det mest tydelige eksempel på det har vi i apostelen Pauluses språkbruk når han sier: Se nu er den velbehagelige tid, se nu er frelsens dag. Og ordet dag betyr der hele tidsrumet fra Jesu oppstandelse til hans gjengkomst. Der er det altså karakterisert som en dag i nytestamentleg språkbruk. Vi ser også ordet dag brukt på samme måten i profetien: På den dag vil jeg oppreiße Davids falne hytte. Og det sikttes til den nye pakts tid. Vi har ordet dag brukt om hele påsken flere steder, ikke bare om en bestemt dag i påsken, men hele høytiden i dens sammenheng. Og jeg kunne nevne mange andre eksempler. Det naturlige er å oppfatte ordet dag i skapelsesberetningen som uttrykk for et tidsavsnitt, en

epoke uten at vi kan si det minste om hvor lang eller kort den kan ha vært.

Det som disse dagene uttrykker, er en bestemt planmesighet i Guds skaperverk. Det går liksom i etapper, og det er underlig å se at gangen i den likner meget på det vi i alminnelighet får høre om hvordan alle ting skal være blitt til. Men jeg understreker igjen, det er ikke naturvitenskap vi har i skapelsesbretningen. Det er det vi trenger for å kunne forstå at Gud har skapt alle ting ved sitt ord, og ikke minst for å kunne forstå menneskets vesen.

Og med det skal vi da gå over til å se litt nermere på skapelsen av mennesket. Først hører vi i kap. 1 i 1. Mosebok. Gud skapte menneske i sitt bilde, i Guds bilde skapte han det, til mann og kvinne skapte han dem.

Altså, det er noe ganske serskilt med mennesket. Det innledes med at Gud sier : La oss gjøre menneske i vårt bilde. Det er en planlegging, det er et råd, som Gud har fattet med seg selv, som han setter i verk ved menneskets skapelse. Og i den neste leksjon skal vi da se litt nermere på dette.

Samfunn med kvarandre

(1. Johs. 1. kap.)

Av Amund Lid

Ofte blir det sagt at der er ikkje så stor skilnad på ein truande og eit verdsleg menneske. Her skal me peika på ein av dei ting som skil ein sann kristen frå eit ufrølst menneske. Alle dei som er fødd av Gud, og dermed ber kristennamnet med rette, *dei har samfunn med kvarandre*. Dette samfunnet, Andens samfunn, samfunnet av dei heilage, som Skrifta kallar det, det er alle naturlege menneske framande for.

I kap. som er vist til ovanfor talar apostelen om dette samfunnet. Han talar om *livets ord*, som var ifrå opphavet, det som dei hadde sett med augo, hørt med øyro, og teke på med hendene, *det evige livet*. Her tenker han nok på Jesus (Sjå Johs. 1, 1-fg.). Apostelen vitnar a tattet *livet* blei openberra for dei, og nå forkynner han det for oss med, *så me skal ha samfunn med dei*. Så legg han til at vårt samfunn er med Faderen og hans Son Jesus Kristus. Lenger ned seier han at om me ferdast i ljoset, liksom han er i ljoset, *så har me samfunn med kvarandre*, og

Jesu, hans Sons blod reinsar oss frå all synd.

Me ser at berre dei som har samfunn med Gud, ved hans Son Jesus Kristus, har samfunn med kvarandre. Det er ikkje nok å seia at me har samfunn, for «dersom me seier at me har samfunn med han, og me ferdast i myrket, så ligg me og gjer ikkje sanninga» (v. 6).

Ofte hører me sagt at me som er kristne skal og må ha samfunn med kvarandre, men det er ikkje Skrifta sin tale. Det er ei kjent sak at mange som kallar seg kristne *har ikkje samfunn med kvarandre*, og skal heller ikkje ha det, så lenge dei ikkje lever på same frelsegrunnen. Andens samfunn kan ikkje noko menneske ta eller få i stand, det er den Heilage Ande sitt verk.

Skrifta seier at dei som har fått *livet i Kristus* openberre for hjarta, *dei som ferdast i ljoset (Jesus)*, *har samfunn med kvarandre*.

Det er svært å sitja i kyrkja ein juledag og sjå på alle som samlast, og som trur at dei er — og kallar seg kristne, og som blir titulert

som «Kjære medkristne», men som heile året visar at dei har ikkje samfunn med Jesus eller med dei som lever i samfunnet med han. For eit ansvar for den som er sett som forkynnar og sjelehyrde, og ber ansvaret, for ei slik menighet.

Kva er samfunnet i Anden ?

Det er ikkje å høyra til i eit kyrkjesamfunn, eller til ein kristenflokk. Det kan me gjera utan å eiga samfunn med Jesus og dei som levere i trua på han.

Det er heller ikkje det same som å vera med i arbeidet i Guds rike heime og ute, å ha samfunn i arbeidet og tenesta. Det går godt an å vera nidkjær i tenesta, uten samfunn i Kristus (Rom. 10, 1—fg.)

Det er heller ikkje å vera ivrig med i tida sitt arbeid for å vera eitt, ved fellesmøter, eller ved å sameina alle til ei verdenskyrkja. Samfunn i Anden får ein ikkje ved å slå av noko på kvar sin kant, til ein kan tola og anerkjenna kvarandre som kristne. Det visar seg at på den veien må ein slå av nett dei ting som er livet for ein sann kristen. Det er evangeliet om lammet og blodet, ordet om krossen, det evangelium som stengjer eit menneske sitt inn under synd og set ein strek over all menneskeleg rettferdighet, og som ikkje gir noko anna håp om frelse enn Jesu Kristi død og blod og seier for oss, som er anstøtet og dårskapen som ikkje blir tolta. På den veien blir det ikkje Bibelens Kristus, men ein annan Kristus (2. Kor. 11, 1—4), som blir samlingspunktet — og det er djevelens veg og foreining.

Det er berre ein stad at me kan få sant samfunn med kvarandre, og det er *i Kristus!* Den som kjem inn i Anden og Bibelens lys over si synd og totale fordervelse og fortapte tilstand, og erkjenner det og flyr til Kristus, han vil få openberra den fullkomne frelse i Kristus, ved lammets død og blod for oss, og Kristi liv og rettferd som blir tilrekna kvar den som trur. Har du opplevt det, då har me

samfunn med kvarandre — kva for ytre menighet du hører til, eller same kva stad du lever på jorda.

Skillet mellom frelst og ufrelst ligg ikkje i det ytre, i ulike åndelege samfunn og arbeidsgreiner i Guds rike. Men det ligg i hjarta si innstilling til Bibelens Kristus og evangelium. Vil du vita kvar eit menneske lever og bur åndeleg tala, så forkynn ordet om krossen, evangeliet om Kristus. De blir ikkje tolta av dei som er ugjenfødd og utan samfunn i Anden. Dei protesterar i hjarta, og støyter seg på det. «For ordet om krossen er vel dårskap for dei som vart fortapte, men for oss som vert frelste, er det ei Guds kraft» (1. Kor. 1, 18).

Korleis skal me få samfunn med kvarandre ?

Det får du ved å oppgi motstanden mot den Heilage Ande, når han ved Bibelens ord eller forkynninga, overbevisar deg om di synd og din fortapte tilstand og ditt sanne forhold til Jesus. Du får aldri samfunn med Jesus eller dei som lever i han, så lenge du i hjarta står imot anden og ordet. Her er det mange omkring i våre menigheter og kristenflokkar som strir for å berga seg og sitt, sin eigen sjøvlaga kristendom, og sitt namn som kristen. Gi opp din strid for å bli anerkjent som kristen, overfor Gud og overfor menneske. Menneskeleg anerkjennelse kan aldri frelsa deg. Og Gud anerkjenner berre ein slag kristendom, og *det er Kristus og hans rettfredighet.* «Eg vil ikkje vita noko anna hjå dykk enn Kristus, og han krossfest.»

Han får du samfunn med ved å høyra eller lesa det som Bibelen forkynner om han. Kom til meg, og hør, så skal sjela di leva, seier han. Dette evangeliet om Jesus, om Lammet og blodet, det skaper trua i syndarhjarta — Jesus, trua sitt ord, det er trua sitt opphav (Hebr. 12, 1-fg. og Rom. 10).

Lever du der, då har du samfunn med dei som lever der, Du vil snart sjå og erfara at du

Me les sendebreva

Av Gudmund Hjorthaug

Brevet til Menigheten i Laodikea (Openb. 3, 14—22).

Her er me komne til det siste av dei sju sedebreva. Gjennom breva har det veksla med tukt og troyst, med lovnad om frelse og trugsmål om dom, slik ordet frå Gud alltid er. Men i dette siste brevet er tonen og orda både skapare og hjartelegare enn nokon gong før, når det gjeld domen over synda og innbjodinga til frelse. Kor godt det er å høyra at om Gud hatar synda, så elskar han syndaren.

Også her talar han som det sannferdige og truverdige vitne. Ja, som opphavet til Guds skapning — og difor har han rett til å tala. Og som *amen*, dvs. det han talar må henda og oppfyllast slik det er sagt. Himmel og jord skal forgå, men ikkje ein prikk av Herrens ord.

Bodskapen

Eg veit om din tilstand ! Di ytre vedkjenning,, din kristengjerning kan nok synast å vera i orden, men eg veit om di sanne åndelege stoda. Du er korkje kald eller varm, men lunka. Du trur at alt er vel og bra med ditt gudsliv og din kristendom, og forsamlingen aukar og arbeidet veks. Difor trur du at du er betre og rikare enn dei fleste andre. Men du veit ikkje at du er fatig, blind og na-

ken (vers 17), og at frelsaren står utanfor hjartedøra di (vers 20).

Din sjølvlagda kristendom og din innbilte rikdom er berre eit styggje for meg (v. 16), og ei forbanning for deg sjølv. (Gal. 3, 10).

Dette er ein svær dom over menneske som sjølv trur seg å vera Guds barn og Kristi tenrar. Slike kristne som hadde si troyst og si glede i sin kristendom, i si eiga kristenteste, og difor sjølvskre og velnøygde med seg sjølv, har det vore mange av til alle tider og i alle kristenforsamlingar. Men eg ottast at det aldri har vore fleire av dei enn nett i vår tid, me som lever midt i det store fråfallet som Skrifta vitnar om (2. Tessal. 2, 3). Det som framom alt jamnar vegen for Antikrist. Aldri før har så mange millionar bore kristennamnet som i vårt tid. Aldri før har vel heller fråfallet frå Gud vore så stort. Verda over ser me at såkalla kristne nasjonar fell frå kristen moral og kristne rettsnормer, kristne kyrkjесamfunn sitt fråfall, i trua på Bibelen som Guds ord, i trua på Jesu guddom, i trua på Jesu stedfortredande soningsverk. I vår tid er det verkeleg få som held fast på — og forkynner dette også der den offisielle vedkjenninga er. Kor mange er det ikkje også i vårt land som forkynner eit anna evangelium enn Bibelsn evangelium. Som forkynner kva me må vera og gjera, for ved det å bli Guds barn, i staden for å forkynna evangeliet om Jesus, han som er komen fogi si frelse til hjelpeause og fortapte syndarar ufortent, av nåde. Den som i sitt hjarta set lit til det aller minste av eigen gjerning og forteneste til frelse, eller som vilkår for å få Jesus — og forkynner slik for andre — han kjem inn under same domen som menigheten i Laodikea : Du seier du er rik. Du har

har ikkje samfunn med mange av dei som kallar seg kristne. Men du har samfunn med dei som lever i Kristus, som har fått den same ånde, det same sinn, og som er komen til den same erkjennelse av si synd og fortapte tilstand som menneske, og til den same erkjennelse av frelsen i Kristus.

noko å visa fram av eiga forteneste. (Galat. 3, 10).

Her treng me alle å prøva oss sjølv dag for dag. Kva er det mitt hjarta trøystar seg til, og kva er det eg trøystar andre med? Er det noko anna, eller noko ved sida av Jesus, så kan eg vel få eit slags ro og tryggleik — men det er dødens ro. Eg kan vel samla mange til forsamlingane, men ikkje føra dei inn i Guds rike.

Kvifor kjem Herren med slike harde ord ?

Høyр her kva Herren seier! Han tuktar fordi han elskar deg! Om du har sett han utanfor, så har han ennå ikkje gått sin veg, men står like utanfor døra. Han lengtar etter å få koma inn att, bankar på døra og bed om å få koma inn. Han står der med fanget fullt av alle frelsa sine gåver. Alt det du treng

til liv og til guds frykt, nådens gull som kan løysa deg ut frå domen, rettferdsklænad til å stå i framfor Gud, augnesalve så du kan sjå Guds frelse og kunna fryda deg i den. Han sjølv vil stiga inn i hjarta ditt ved Ordet og Anden, og halda frelsens fest, han med deg og du med han. Og det vil han halda fram med inntil du ein gong får møta han og sjå han slik han er. (v. 18-21).

Ennå mens du les dette bankar han på, og han ventar på at du vil opna hjartdøra så han får koma inn. Så snart du tek til å høyra og gir han rett, bed han inn, så sprett døra opp, og han er inne før du retteleg veit av det. «Då går eg inn», står det skrive.

Men skunda deg, mens du ennå høyrer han bankar på og kallar på deg. Snart kan du missa evna til å høyra, og då er det berre domaren som kjem til deg att (Hebr. 4, 7).

Jonas II.

Av Odd Dyrøy

I Jonas sitt liv blir Jesu ord sanna. Den som elskar livet sitt, misser det, og den som hatar livet sitt i denne verda, skal berge det til eit øevelegt liv (Johs. 12, 25).

Jonas var nå komen dit at han såg det var Herren, han som hadde skapt havet og det turre land, han hadde å gjera med. Guds helige rettferd hadde vekt han, gjennom det han opplevde på og i det stormande havet.

Det er den same Gud eg og du også har å gjera med. Dette blir ofte gløymt av oss.

Jonas valde døden, framfor det å fornekta Gud og hans folk. Med døden for auga å vedkjenna seg Gud og hans ringe folk på jorda, tør du det? Her må eg seia at eg «står så langt tilbake i barnslig lydighet».

Ingen av dei som let seg kasta inn i er-

kjening av si synd til døden, går til grunne. Då Jonas blei kasta over rekka, så enda han i Guds Fader famn, og han blei frelst og ført velberga i land. Ein slik frelsar har me også fått, som vil føra oss velberga i land. Ser du denne esus som vil skjula deg i sin frelsarfamn? Midt i verda sitt vonde stormjag, midt i domen som over synda går, å få vera skjult og gøymd i stedfortredaren.

Det finst ingen annan veg enn Jonas sin veg til frelse eller gjenføding og til tenesta i Guds rike. Erkjenningsvegen er den einaste som fører fram. Det står skrive at me har vorte eit skodespel for verda, både for englar og for menneske. Me har vorte som avrak i verda, utskot for alle til denne stund (1. Kor. 4, 9—13). For endå medan me lever, vert me

alltødt yvergivne til døden for Jesu skuld, so og Jesu liv må vera openberra i vårt dødelege kjøt. Soleis er då døden verksam i oss, men livet i dykk (2. Kor. 4, 11—12).

Det var ein annan Jonas som kom tilbake til Joppe, — om han då reiste den vegen tilbake. Herren tala til han pånytt, og ba han gå til Nineve.

Då var han ikkje lenger redd dei heidenske gudane og det store Nineve. Kunne Gud frelsa han i havet, så kunne han også bevare han i all annan nød og fare. Dette er til trøst for deg og meg, som ofte lyt ropa og spørja: «Mon jeg når det skjonne land, som snubler gang på gang?»

Minne om Guds straff over synda, og minne om Guds frelse gav Jonas sitt vitnemål kraft og mynde. Men også kjærleik og omsorg. Nå forkynnte Jonas det Gud hadde sagt, og ikkje det som passa han sjølv. Det førde til at det heidne Nineve vakna til erkjenning. Folket i Nineve trudde Gud, og dei lyste ut ei faste og kledde seg i sekk både store og små. Det var Guds dom over synda som vekte dei. Tenk om det kunne gå slik i våre byar og bygder.

Men med sorg lyt eg seia at den gudgjevne bodskapen om synd og dom, den held på å døy ut i tida si forkynning. Derfor er også den gudgjevne frelsesoppleving lite å merka i våre kristenflokkar. I staden har me kunnskap og menneskelege viljebeslutningar og innsats, som har liten verdi for oss og ingen verdi for Gud. Det er årsaka til at vårt folk sør i si synd som aldri før, i skjul av kristendomens namn.

Då folket i Nineve vende om og søkte den sanne Gud, vende Gud straffedomen frå dei. Dette blei formykje for Jonas, som truleg trudde at det berre var Israel som skulle få nåde og finna miskunn. Jonas hadde nok tenkt seg til å sitja og sjå på korleis Gud i sin vreide og med si allmakt grep inn etter sitt ord overfor folket i Nineve. Han ville nok glede seg over korleis det han forkynnte gjekk

i oppfylling. Hovmodstånd hadde teke plass i Jonas sitt hjarta. Når han så fekk sjå korleis Herren var miskunnsam mot folket i Nineve når dei vende om, då tretta Jonas med Herren og ynskte at han skulle ta hans liv. Svikfullt er hjarta framfor al tanna, og läkt er det, kven kjenner det? står det skrive.

Kor godt det er å sjå at Herren sette ikkje i verk det Jonas ynskte og ba om. Det er også godt å vita at der sit ein ved Guds høgre hand som bed for oss.

Då kikajonen visna, og sol og vind brende den arme mannen, sa han til Herren: «Eg har grunn til å harmast til døden». Då var det ikkje lenger Guds æra og folket si frelse, han hadde for auga, men han var redd for si æra som sannseiar og profet. Guds sol skein og åndens varme vind bles på den harme profet til han seig saman. Den same Gud som frelste Jonas i havet, han måtte igjen ta seg av han. Guds hjarta var framleis like varmt for Jonas, derfor stakk Guds nådes sol hans lekam. Gud ville igjen få klæ Jonas i sine rettferds klæde. Eg undrast på om Jonas fekk sjå at også heidningane hoyer med til Guds frelse og er medarvingar til riket?

Guds veg med Jonas blei ein dødens veg for han, men den førde til frelse både for heidningane og Jonas. Først ville han ikkje gå Guds veg, for han var redd, og han prøve gå sin eigen veg, å røma bort frå Guds kall og frelse. Men Gud gav han ikkje opp, og til slutt fekk han bøya Jonas sitt hjarta til lydnad mot sanninga. Jonas fekk møta Gud både før, under og etter vitnemålet han skulle gå til folket med.

Får det henda i mitt og ditt liv, då er vi salige midt i all vår nød. Det er salig å få vera under Guds stikkande sol og få leva under hans nådes vind. «Nei for all den ting jeg visste, kan jeg ei min Jesus miste.»

Kor godt det er at det står skrive om ein som aldri sa nei, som aldri rømde unnna, som aldri søkte eiga æra. Han sa at eg har komme ned frå himmelen, ikkje for å gjera det

eg sjølv vil, men det han vill som sende meg. Jonas var nok eit sprøpeleg menneske som me, men eit forbilled eller teikn på Jesus — stedfortredaren — som villigt gjekk for å utføra Guds vilje, å frelsa ei syndig og fortapt slekt. Som Jonas var tre dagar i havet, slik var Jesus tre dagar i døden, for å frelsa oss frå vreiden og domen. Jesus sa til dei som krov teikn: De skal ikkje få noko anna teikn enn profeten Jonas teikn. Kan du sjå dette?

Guds rettferdige vreide mot synda, den blei vendt med all si kraft mot Jesus, i staden for mot deg og meg, så han gjekk i døden for oss. Guds vreides hav har stilna, for han fann ein som åtte ei villig ånd og hadde eit villigt hjarta til å ta vreiden og straffa på seg.

Jonateiknet er like anstøteleg i dag som før, men det visar menneske si falne natur og vonde hjarta og slekta sine avvegar. Men det viser også stedfortredaren sin veg for å frelsa oss. Lukkeleg er den som trur på det som Sonen har gjort. Men Guds vreide blir verande over den som ikkje vil tru. Det står skrive: «Den som trur på Sonen, hev ævelegt liv, men den som ikkje vil tru på Sonen, får ikkje sjå livet, men Guds vreide vert verande yver han». (Johs 3, 36).

Gi Herren det du har lova

(Over frå forrige nr.)

Her er synda og ansvaret stort for oss som forkynner Guds ord, og for kvar ein av oss. I dag kjem Gud og seier: *Gi Herren det du har lova!* Du kan undra deg over det her i tida men ein dag lyt du stå ansigt til ansigt med Herren som krev deg til rekneskap. Då kan ingen koma unna, og korleis det vil gå deg kan du lesa om i Matt. 25, 14 - fg.)

Men lukkeleg er du om du vaknar for di synd og dine brotne løfter til Gud nå i næde-tida. Det blir ein svær dag for deg.

Då kan eg visa deg ein veg du kan gå: «Kalla på meg den dag du er i nød, og eg skal utfri deg, og du skal prisa meg». (Salme 50, 15). Slik talar Jesus.

Det er ikkje nok at du har kristeleg kunn-skap, er døypt og høyrer til i kyrkja, og går til gudstenesta ein juledag og av og til elles når det passar, samstundes som du har eit hjarta som ikkje er forlikt med Gud. Sjølv om du er religiøs og lever eit fint liv, kanskje endog i tenesta i Guds rike, kan du endå eiga eit hjarta og ei ånd som lever i motstand og fi-endskap mot Gud. Det viser livet i kvardagen best, korleis du stiller deg til den Heilage Ande, Ordet og forkynninga som kastar lys inn over ditt forhold til Jesus og over di eiga rettferd, på ditt hjarteforhold til dei som ved-kjenner seg Jesus, Lammet og blodet som sitt einaste håp til frelse. Protesterar du i ditt hjarta, så er det eit bevis for at du er ikkje forlikt med Gud og lever ennå i fiend-skapen.

«Søk Herren medan han er å finna, kalla på han den stund han er nær !

Den ugudlege vende seg frå sin veg og den urettferdige frå sine tankar og vende seg um til Herren, so skal han miskunna han, og til vår Gud, for han skal rikeleg forlata» (Esa. 55, 6-7).

Etter Skrifta er ikkje ein ugudleg, eit menneske som lever i openberr synd — slik menneske trur, men det er ein som lever uten Gud. Det vil seia lever uten Jesus, uten sam-funn med han ved hjarta si tru. Skrifta viser klart at mange som levde og lever eit gud-fryktigt liv, ja endå til forkynnte guds ord og gjorde under i hans namn, viste seg på dommens dag å høyra til mellom dei ugud-lege som blei utafor i fortapinga. (Luk. 13. 23 - fg.)

Å, om du ikkje før i dag visste kva som tenar til din fred, og gav opp kampen mot Gud — kampen for å berga di eiga rettferd og ditt kristne namn og rykte mellom mennes-

Kva vil du eg skal gjera for deg ?

Ja, det er mykje eg gjerne ville at Jesus skulle gjera for meg, i tillegg til alt det han har gjort.

Eg har alt bedt om han vil gi meg *meir tru*. Det treng eg om, for mi tru er ringe, som sangaren seier det. Eg treng meir tru på hans ord, og meir tru til å gå ut på hans ord og til å kvila på hans ord.

Dertil så har eg så mange som eg gjerne ville han skulle frelsa. Mange av mine barn og andre av mine nermaste er ikkje frelst. Eg har kome tilkort når det gjeld å visa dei veien til Jesus, og då er det mi einaste trøst at Jesus kan frelsa dei — sjølv om han skal måtta bruka taum og beissel.

Dertil så har eg så mange naboar og bygdfolk som eg gjerne ville be han frelsa.

Når det gjeld mi eiga frelse, så har eg ingen ting å be om. For den *har* Jesus gjort heilt ferdig og fullkommen. Men når det gjeld mitt liv som kristen her på jorda, og når det gjeld tenesta, då er der mykje eg treng å be han gjera for meg. Og di meir han opnar augo mine, di fleire og større blir feilene, manglane og fatigdomen.

Kva vil du at Jesus skal gjera for deg? Er du frelst? Er du ikkje det, så er det det første du treng å be han om at han frelser deg !

Det svarar han på ved å opna augo dine så du tek til å sjå. Det første du då får sjå, er synda di og din fortapte tilstand. Då stikk det nok i augo og samvitet, og det ser mørkt ut for deg. Men erkjenner du det du ser og blir overbevisa om ved Anden og Ordet, så skal du få sjå meir. Går du til Jesus slik som du er, utan å pynta på deg, så vil han nok opna augo slik at du får sjå at du er frelst. Alt er ferdig ! Jesus har gjort det. Bryllaups-kledningen, ringen og skorne, alt ligg ferdig og ventar på deg, som det gjorde for den bortkomne sonen som vende heim.

Du kan vera frimodig når det gjeld å be, og du kan be om store og tilsynelatande umogelige ting. Han har sjølv sagt : Be, så skal de få ! For kvar den som bed, han får !

Jesus stiller deg her eit personleg spørsmål : *Kva vil du at eg skal gjera for deg ?*

ke. Gi Gud rett, for han har rett, han tek aldri feil.

Me bed i staden for Kristus : Forlik deg nå med Gud !

Kva vil du eg skal gjera for deg?

(Resten frå nr. 9 1971)

Jesus har også opna oss ei dør, og ein ny og levande veg, som fører inn i barnekåret hjå Gud, ja, like inn til Gud, inn i hans rike. Denne døra er Jesus sjølv, og han er også den nye og levande vegen. «Eg er døra. Den som går inn gjennom meg, skal vera bærga (Johs. 10, 9). «Eg er vegen og sanningi og livet, ingen kjem til Faderen utan gjennom meg» (Johs. 14, 6).

Åleine gjennom det *Jesus har gjort*, kan eg og du koma inn i Guds rike.

«O Jesus, åpne du mitt øye, at jeg må se hvor rik jeg er. *Jeg har en Fader i det høye*, som faderomhu for meg bær. Jeg har en *broder* ved Guds side som alltid treder frem for meg, jeg har en *nådstrøm* så vide som himmels hvelving strekker seg. Jeg har en *talsmann tro i nøden, en troster og husvaler god, jeg har et evig liv i døden*, en evig fred i Jesus blod. eg har et *evighetens rike*, et *nåderike*, det er sant, jeg har en *krone uten like*, en arv som Jesus til meg vant. Ei burde jeg da gå å sørge, jeg er en *mektig konges brud*, skjønt vantroen mon titt meg spørge : Hvor er din høyhet og ditt skrud ?

O Jesus Krist, forsøk meg troen at jeg må se min herlighet ! (48 i Sangboken).